

proESS AS  
Lerstadvegen 540  
6018 Ålesund

**Saknr.:** 19-008      **Kommune:** Lindås      **gbnr.:** 172/14 mfl      **Gardsnamn:** Birkelundstunet      **Dykkar ref.:** Sindre Øen

## Varsel om oppstart av privat detaljregulering for Birkelundstunet, Seim gbnr- 172/14 Lindås kommune.

### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2019	Inn	16/05-2019	ProESS As v/Sindre Øen	Varsel om oppstart av priv. detaljregulering	SMV

NGIR har mottatt varsel om oppstart av privat detaljregulering av Birkelundstunet, Seim ved gbnr 172/14 og har følgjande merknader:

### Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Lindås (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 22. mai 2019



Siv-Merete Vedå  
-kunderådgjever -